



Saksframlegg

Forskrift om permisjon frå opplæring i Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Ungdomsrådet		
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 SU, SMU høyringsresultat til rektor ved Gimle skule, Søknad om permisjon frå opplæring og Skulereglar.pdf
- 2 Forskrift om permisjon frå opplæring i Fyresdal kommune - revidert versjon 2

Bakgrunn for saka:

I samband med innføring av ny opplæringslov for grunnskule, skal alle kommunar lage og godkjenne lokale forskrifter på nokre område. Ein har lagt malane som er publisert av Utdanningsdirektoratet som grunnlag og ein av forskriftene er «Forskrift om permisjon frå opplæring i Fyresdal kommune».

Forskrifta har vore på høyring hjå tilsette i skulen, elevråd og samarbeidsutvalet. Samt til Foreldrerådets arbeidsutval (FAU).

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for oppvekst og utdanning;

Arbeide for å oppretthalde lågt fråfall i vidaregåande skule

Arbeide for eit godt læringsmiljø i barnehage og skule

Gimle skule har hatt ein praksis for handsaming av permisjon i skulen, men denne har ikkje vore nedfelt i noko reglement. Elevar skal kunne søke om permisjon og då er det viktig at det føreligg eit godt reglement for forsvarleg handsaming. Etter Opplæringslova § 2.2 «Plikt til grunnskuleopplæring» er det no krav til lokal forskrift om permisjon frå opplæring i grunnskulen.

Foreldreutvalet og Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg om saker som gjeld skulen. Innan høyringsfristen kom det tilbagemelding frå samarbeidsutvalet og foreldreutvalet.

Om ein elev skal få permisjon er ei heilskapleg og skjønnsmessig vurdering. Vurderinga skal blant anna vektlegge elevens faglege utvikling, skulens undervisningsopplegg i permisjonstida, tidlegare fråvær og om føresette kan ivareta opplæringa i permisjonstida. Etter at høyringssvara er handsama har ein vurdert å lage eit nytt avsnitt 2 under § 4 i forskrifta.

Nytt punkt under § 4, avsnitt 2:

Det skal vere ei heilskapleg og skjønns messig vurdering, der ein legg vekt på blant anna elevens faglege utvikling, skulens undervisningsopplegg i permisjonstida, tidlegare fråvær og om føresette kan ivareta opplæringa i permisjonstida.

Permisjon kan ein innvilge heilt eller delvis.

Andre ynskje som kom fram i tilbakemelding har ein vurdert å ikkje ta vidare, då ei forskrift må ha klare formuleringar opp mot sakshandsaming.

Konklusjon:

Nye endringar ligg i raudt i nytt forslag til Forskrift om permisjon frå opplæring i Fyresdal kommune.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Forskrift om permisjon frå opplæring i Fyresdal kommune blir vedteke med dei endringane som ligg føre.

Nytt punkt under § 4, avsnitt 2:

Det skal vere ei heilskapleg og skjønns messig vurdering, der ein legg vekt på blant anna elevens faglege utvikling, skulens undervisningsopplegg i permisjonstida, tidlegare fråvær og om føresette kan ivareta opplæringa i permisjonstida.

Permisjon kan ein innvilge heilt eller delvis.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst